

Skuleinformasjon

Skuleåret 2021/2022

Framtid og håp



Læring, arbeid og trivsel



Velkommen til eit nytt skuleår!

Lær den unge den vegen han skal gå! Så vik han ikkje frå han når han vert gammal. Ordsp.22:6

I Bibelen er det ikkje eit spørsmål om barna skal gis ei kristen opplæring eller ikkje. Det er ikkje ei utgreiing eller vurdering av det å sende barna på ein kristen skule eller ein sekulær skule eller noko heilt anna.

Dette er langt på veg fordi det ikkje er skular, men foreldrane som får oppdraget med å gje barna opplæring. Dermed er det og forutsett at opplæringa er av kristen karakter. Foreldra skal lære opp barna i den vegen dei skal gå – og det forutsett både timeleg og åndeleg kunnskap.

Det forutsett også disippelskap. Opplæring er ikkje berre overføring av kunnskap. Det er også førebiletefunksjon. Det er det å syne i praksis kva veg ein skal ta i livet. I ei gamal dansk omsetting av bibelverset over står det: «*Væn Drengen til den Vej, han skal følge*». Her er det fokus på vanen. Dersom vi blir vande med ein framgangsmåte frå barnsbein vik me ikkje så lett frå han.

Det er ikkje utan betydning kva skule barna våre går på. Ein forkynnar sa det slik: «Den som utdannar barna dykkar, disippelgjer barna dykkar». Det er noko i det. Difor er det og viktig at det er heimen som tek hovudansvaret for «utdanninga» bredt forstått. Og det er viktig at val av skule er medvite.

For oss på Jærtun er det viktig at de som foreldre er aktivt med å bidreg til å bevare og utvikle skulen slik at me kan fylle oppdraget vårt og i framtida: Å hjelpe foreldra med å gi den kristne undervisning og oppseding som dåpen forutsett.

Så er det og knytt eit løfte til dette. Me kan lure på kva Gud kan ha meint når har seier at den unge ikkje vil vike frå vegen når han vert gamal.

Eg trur me skal få lov å kvile i tillit til at Gud gjer det han har lovt og for vår del halde fokus på det me skal gjer. Ingen kan sjølvsagt i seg sjølv verken gje ei fullgod og perfekt undervisning eller utdanning.

Langt mindre kan me virke det underet det er når barna blir bevart i trua. Alt liv i Gud er også født av Gud (Joh 1:13).

Det me likevel kan gjere er å fylle kara med vatn, slik tenarane gjorde det i bryllaupet i Kana. Me kan fylle barna med kunnskap om Herren, med hans Ord og med all visdom som finns hos han som er kjelda til all kunnskap. Me kan være trufaste tenarar. Så er det Herren sjølv som gjer vatn om til vin.

Med ynskje om eit godt opplæringsår!

Velkommen til skuleåret 2021/2022!

Andreas Årikstad
Rektor

Innholdsfortegnelse

Om Jærtun Lutherske Friskule	7
Organisering.....	8
Andakt.....	11
Avslutningsfest.....	11
Bibliotekbøker.....	11
Bokbind	11
Data.....	11
Elevinntak og søknadsfrist	12
Elevskade	12
Enkeltvedtak	12
FAU.....	12
Foreldremøte	13
Forsikring	13
Fotografering	13
Fritt skulemateriell.....	13
Framandspråk	13
Fråvær.....	14
Gymsko	14
Heimeside	14
Heim til medelevar	14

Helsesystemer.....	15
Innesko	15
Klassekontakt.....	15
Klasseforeldremøte.....	15
Konfirmasjon.....	15
Kroppsøvingstimane	15
Leksehjelp	15
Lus.....	16
Mat og drikke.....	16
Melde-mappe	16
Meldingsboka – digital meldingsbok	16
Merka og gløynde klede	16
Miljø.....	17
Misjonsprosjekt	17
Mobiltelefon	17
Nynorsk.....	17
Opplysningsplikt.....	18
Ordensreglane	18
Personopplysningar	18
PPT	21
Påkledning.....	21
Regntøy	21
Rådgevar	21

Sjukdom / medisinerings.....	21
Skuledagane.....	22
Skulefrukt.....	22
Skulemåltid	22
Skulehelseteneste	22
Skulepengar	23
Skulevask.....	23
Skyss.....	23
Snop	23
Sykling til/på skulen	24
Sosiallærar	24
Spesialpedagogikk.....	24
Søknad	24
17. mai	24
Tannlege	25
Teieplikt	25
Telefonkontakt.....	25
Tilsyn før skulestart.....	25
Timeplanen	25
Turar.....	26
Utviklingsamtalar/halvårsrapport	26
Vurdering for læring	27
Foreldrerådet (FR).....	27
Arbeidsutvalet i foreldrerådet (FAU)	27

Frå overordna del av læreplanen, godkjent av UDIR 2020:.....	28
ORDENSREGLAR.....	29
§2 Difor.....	29
a) Helse og tryggleik:.....	29
b) Orden, åtferd og miljø:	30
c) Undervisning:	30
§5 Ordensreglane gjeld.....	32

Om Jærtun Lutherske Friskule

10-årig kristen friskule

Me skal vera eit kristent alternativ til den offentlege grunnskulen. Skulen har eigen læreplan, tilset sjølv sine tilsette og har ansvar for sin eigen økonomi. Våre elevar får vanleg vitnemål når dei går ut av tiande klasse.

Skulen er godkjent av Staten, med maks elevtal på 120. Me er godkjent som kristen, alternativ grunnskuleopplæring. Skulen skal hjelpa foreldra å gje ei kristen og god oppseding og opplæring. Den generelle delen av læreplanen seier noko om formålet, grunnlaget og basisen for skulen.

Elles har me læreplan/fagplan for alle undervisningsfaga ved skulen. Denne er godkjent av departementet. Me har dei same faga som offentlig skule. Det er særleg i kristendomsfaget det er avvik frå RLE-faget i offentlig skule. Faget kristendomskunnskap auka noko i timetal i høve til RLE. Me har om lag 2,5 timar i veka i snitt i klassane i dette faget. Undervisninga om andre religionar / livssyn ligg til samfunnsfag. Me underviser også under ein annan synsvinkel: Det er berre Jesus som er vegen til frelse!

Me ynskjer å leva heile livet i lag med Jesus. Dei tre trusartiklane illustrerer på ein god måte vårt syn på livet også på skulen.

Under dette ”taket” ynskjer me at elevane skal verta gode å lesa, skriva og rekna. Her må dei trenast i sjølvstendig tenking og samfunnsengasjement!

Når det gjeld økonomien får skulen 85% av driftskostnadene ved tilsvarande offentlig skule. Husleige/bygg-kostnader er då halde utanfor – til det får vi nesten ingenting. Det er difor naudsynt med mellom anna skulepengar frå heimane. Dessutan er skulen svært takksam for dugnad og gåver.

Jærtun Lutherske Friskule er ein fådelt skule og to og to klasstrinn går i lag. I ein del timar går kvart årstrinn for seg. Dette er særleg i engelsk, norsk og matematikk.

Bygningsmessig har me svært gode lokale som me stadig utviklar og forbetrar. Med elevtal på rett under 100 har me passeleg med plass.

Men i alt me gjer, og alltid, er me først og sist avhengig av Herren. Det er hans velsigning som gjer rik – då tenkjer me først og fremst på evig velsigning. Me siktar vidare og høgare enn berre til dette livet. Det evige livet, samen med Den Herre Jesus, er målet. Ja, ikkje noko mindre! Han vil gje oss framtid og håp!

Organisering

Skulestyret er det øvste vedtakande organ ved skulen. Medlemmer: Olav Aarsland (formann), Benjamin Varhaug, Rut Irene Dahlstrøm Hartvig, Bernhard Eiken og John Peder Samdal. I tillegg har desse møterett: foreldrerepresentant, elevrepresentant, representantar for lærarane og andre tilsette, kommunal representant og rektor.

Paideia (tidl. Jærtun Opplæring, Paideia = utdanning / opplæring) er samanslutninga som eig Jærtun Lutherske Friskule og kom i stand med det formålet å eiga skulen. Paideia har bibeltru, evangelisk-luthersk vedkjenning. Paideia driv i tillegg konfirmasjonsundervisning på kveldstid som eit tilbod til kven som helst. Dei driv også eit skulelag. Bjarte Gudmestad er formann.

Støttegruppa for Jærtun er open for alle som er einig i Paideia sitt grunnlag og formål og som ynskjer å støtta skulen. Årskontingenten er kr 500,- På årsmøtet for støttegruppa vel medlemmene to representantar til skulestyret og to til styret for Paideia. Ta kontakt med formann i Paideia om du ynskjer å delta her.

Jæren Opplæringscenter DA eig sjølve skulebygget vårt. Skulen leiger lokala av dette selskapet. Det er om lag 14 eigarar i selskapet. Den einskilde deltakar står ansvarleg for sin %-del. Dagleg leiar: Bjørn Lende.

SKULERUTE FOR JÆRTUN LUTHERSKE FRISKULE SKULEÅRET 2021 – 2022

Månad	Dato	Vekedag	Kommentar	Elevdagar
August	17.	Tys	Skulestart for elevane	11
September				22
Oktober	11.-15.	Mån – fre	Haustferie (veke 41)	16
November	12.	Fre	Fri (planleggingsdag)	21
Desember	21.	Tys	Siste skuledag før jul (slutt 1100)	15
Sum haust:				85

Januar	3.	Mån	Første skuledag etter jul	21
Februar				19
Mars	28.02.-.04.03	Mån-fre	Vinterferie (veke 9)	19
April	11.04- 18.04	Mån-mån	Påskeferie Tysd.19.04 er første skuledag	15
Mai	17.	Tys	Nasjonaldag	19
	26.	Tors	Kristi Himmelfartsdag	
	27.	Fre	Fri	
Juni	6.	Mån	2. Pinsedag	12
	17.	Fre	Siste skuledag for elevane (slutt kl 1100)	
Sum vår:				105
Elevdagar totalt:				190

PLANLEGGINGSDAGAR/KURSDAGAR FOR TILSETTE

Skulen har i tillegg 6 planleggingsdagar utanom elevane sine skuledagar.

Planleggingsdagar før skulestart

Tys, ons og fre. 10.,11.,13. aug

Planleggingsdag haust

Fredag 12. nov.

To halve planleggingsdagar på ettermiddag

Avtalast med friskulenettverk

Planleggingsdag saman med skulestyret

Våren 2022 (ettermiddag/kveld)

Planleggingsdag

17. juni (kl 1200-1600)

Minneliste – hausten 2021

17.08	Måndag	V 33	Skulestart. A-klassen: 08.30-11.00. Alle andre: 08.30-14.00
24.08	Tysdag	V 34	Brannøving (varsla)
06.-18.09		V 36/37	Klasseforeldremøte i alle klassar
06-10.09	Mån-fre	V36	Tverrfagleg veke: Demokrati og medborgarskap
15.09	Onsdag	V 37	Nasjonal prøve i rekning 5. trinn
10.09	Fredag	V 37	Hautstur
17.09	Fredag	V 37	Nasjonale prøve lesing 8. og 9. trinn
21.09	Tysdag	V 38	Nasjonal prøve engelsk 8
22.09	Onsdag	V 38	Nasjonal prøve i engelsk 5. trinn
23.09	Torsdag	V 38	Nasjonal prøve rekning 8. og 9. trinn
24.09	Fredag	V 38	Nasjonal prøve i lesing norsk, for 5.trinn
27.09-08.10	Mån-fred	V 39-40	Utdanningsval for 8. og 9. trinn?
11.-15.10	Mån-fre	V 41	Hautferie
18.-29.10	Mån-fred	V 42-43	Elevsamtalar / læringsamtalar ang nasj prøve. Lærer tek samtalar med kvar elev
08.-11.11	Mån-tors	V 45	Utviklingskonferansar med halvårsrapport utan karakter
12.11	Fredag	V 45	Planleggingsdag. Elevane fri.
15.-18.11	Mån-tors	V 46	Misjonsprosjekt for A, B og C-klassen
24.11	Onsdag	V 47	Tentamen i norsk (hovudmål), D- og E-klassen
25.11	Torsdag	V 47	Juleverkstad – halve dagen (A-, B- og C-klassen)
26.11	Fredag	V 47	Tentamen i norsk (sidemål), E-klassen
30.11	Tysdag	V 48	Skulen er pynta til jul
07.12	Tysdag	V 49	Tentamen engelsk, D og E-kl
10.12	Fredag	V 49	Tentamen i matematikk, skriftleg (D- og E-klassen)
21.12	Tysdag	V 51	Julemøte 10.15-11.00
21.12	Tysdag	V 51	Siste skuledag. Dagen slutt kl. 11.00

Diverse opplysningar

(Alfabetisk ordna)

Andakt

Kvar morgon har me ei andaktstund i klasserommet. Denne inneheld song, bibel og bøn. Annankvar måndag held rektor andakt for alle elevane, og har diverse opplysningar som er greie å dela på felleesen.

Avslutningsfest

I juni har me avslutningssamvær med elevar, foreldre, besteforeldre, lærarane og andre. Det er foreldra i 3. klasse som har ansvar for det praktiske rundt dette arrangementet. Kvar heim har med seg litt mat. 3. klasse ordnar med drikke, pynting og rydding. Festen er obligatorisk for elevane. Vi har også ein festmiddag for avgangselevar i etterkant eller kvelden før. Geirmund Gausel tek kontakt med 3. klasse foreldre.

Bibliotekbøker

Bibliotekbøkene på Jærtun gjennomgår ein kvalitetskontroll. Likevel kan det vera svikt i kontrollen eller at de i dykkar heim ikkje er nøgde med dei bøkene dykkar elev får låna. Send då bøkene attende til skulen - gjerne med ei tilbagemelding.

Det er ein del av norskfaget å låna bøker på det offentlege biblioteket. Læraren kan ikkje lesa gjennom alt elevane får låna med seg heim. Sjekk gjerne bøkene dykkar born har lånt. Bibliotekurar vert varsla på vekeplanen.

Bokbind

Bøker som skal nyttast fleire år, må få bokbind – bræe som me seier på Jæren! Dette legg de på heime. Eingongsbøker treng (frå skulen si side) ikkje bokbind.

Data

Jærtun gjekk nyleg til innkjøp av personlege iPad'er til alle elevar og lærarar. Me brukar difor i svært liten grad PC'ar. Sjølv om med satsar på å bidra til høg digitale kompetanse hjå elevar ynskjer me likevel og satse like mykje på å læra dei gode skjermvanar og å begrense bruk av skjerm i

kvardagen. Me har utarbeid ein eigen instruks for databruk og ein avtale som må underskrivast av føresette/elevar før personleg iPad utleverast. Kvar elev har eige lagringsområde i OneDrive. Dette kan dei også ha tilgang til frå eigne datamaskiner heime. Det er ikkje tillat å bruke eige datautstyr på skulen. iPad'ar som tilhøyrar skulen skal berre brukast til skulearbeid. Ved misbruk vil skulen reagere med tiltak. Ved alvorlege brot vil tilgang til iPad verte regulert.

Elevinntak og søknadsfrist

Inntaksreglementet som er vedteke av skulestyret, gjev prosedyrane for elevinntaket. Ein nyttar skulen sitt søknadsskjema (sjå jaertun.no). Foreldre får tilbod om informasjonssamtale på skulen for nye heimar som vurderer å søkja borna sine inn på skulen. Sysken har prioritet dersom det vert søkt innan fristen. Fristen er 1. august, 5 kalenderår før skulestart. Det er løpande inntak etter fristen. Det er opptak for nye elevar kvar haust med frist 1. september. Det blir ikkje teke inn nye elevar i løpet av året.

Elevskade

Ved eventuell elevskade gjeld skulen si forsikring. Ved meir alvorlege skader (også der det ikkje er forsikringsutbetaling) har Staten ei registreringsordning i NAV som skulen følgjer opp.

Enkeltvedtak

Skulen skal i visse høve fatte vedtak etter lova om enkeltvedtak i Forvaltningslova. Dette skal sikre elevane sine retter. Det gjeld

1. Ved elevinntak
2. Ved elevpermisjonar utover 2 dagar
3. Ved bortvisning av elevar
4. Når elev får fritak for karakter i eit fag

Det er også klagerett knytt til enkeltvedtak. Dette rettast til Fylkesmann, men sendast via skulen. Klagefristen er 3 veker.

FAU

FAU er foreldrerådet sitt arbeidsutval. Normalt er det leiaren i FAU som er foreldrerepresentanten i skulestyret. Kvar klasse vel ein klassekontakt som blir medlem i FAU.

FAU arrangerer **allforeldremøte**. Dette er for alle foreldra ved skulen. Her kan ein ha foredragshaldarar om emne som engasjerer foreldre.

Foreldre kan elles møtast på fellesarrangement som 17. mai og avslutningsfest. Dugnader kan også vere gode treffpunkt for foreldre.

Foreldremøte


Minst ein gong i året er det **klasseforeldremøte**. Det er for alle foreldra i klassen saman med klassestyrar. Her drøftar ein saker som angår klassen og vel klassekontaktar. Klassekontakt skal saman med klassestyrar drøfte behovet for eit møte til i løpet av året.

Forsikring

Skulen forsikrar alle elevane. Forsikringa gjeld i skuletida og i normal reise til og frå skulen.

Fotografering

Elevane i 1., 7. og 10. klasse vert fotograferte individuelt og med klassen kvar vår. Foreldra får tilbod om å kjøpa bilete. Dette skjer normalt på våren.



Fritt skulemateriell

Det elevane treng av blyantar, visk, ark, bøker og liknande vil dei få gratis etter kvart som dei treng det.

Nokre ting får elevane ein gong (til dømes kalkulator) og må sjølv kjøpa nytt dersom desse kjem bort.

Framandspråk

Skulen vil f.o.m. 8. klasse tilby spansk som framandspråk. Det er også mogleg å velje arbeidslivsfag. Då er eleven ute i praksis på ein arbeidsplass. Heimane får hovudansvar med å finne praksisplass. Dette gjeld kun for elevar i ungdomskulen.

Fråvær

Ved fråvær (f. eks. sjukdom) ringer heimen om dette til skulen i løpet av fyrste time fyrste sjukedag. Dersom skulen ikkje har fått slik melding, ringjer skulen til foreldra innan tredje time. I etterkant skal skulen ha melding om fråvær i meldingsboka/digital meldingsbok. Denne vert levert til klassestyrar fyrste skuledag etter fråveret.

Ved spørsmål om framtidig fråvær, må det søkjast skriftleg. Klassestyrar kan gje to dagar fri og ein søkjer då i digital meldingsbok/meldingsbok. Rektor kan gje fri inntil to veker. Bruk eige søknadskjema som skulen har til dette. (Sjå jaertun.no)

Ved fritak får foreldra heile opplæringsansvaret. Lovverket forbyd fritak utover to veker. Å ta elevane vekk frå undervisning i lengre tid, er uheldig for eleven. Skulen oppmodar difor foreldre til å vere varsame med å søkje borna fri over lengre periodar. Vi vil vere meir restriktive med å gje fri dersom eleven har viktige prøvar i tidsrommet, og om eleven tidlegare har hatt stort fråvær.

Gymsko

Elevane må ha gymsko som dei kan bruka i gymsalen. Desse må ha lyse solar som ikkje set merke i golvet.

Heimeside

Jærtun har eigen heimeside: www.jaertun.no. Her ligg ein del nyttig info. Vi har også ei Facebook-side.

Det vert ikkje lagt ut namn eller portrett av einskildelevar. Dersom foreldre samtykker, vil situasjonsbilete og bilete av elevgrupper bli lagt ut, men då alltid utan elevnamn.

Heim til medelevar

Det er flott at elevane besøker einannan, vert kjende med einannan privat og opplever ting saman. Ikkje sjeldan er elevar med einannan heim rett frå skulen. Slikt besøk skal elevane klarera med foreldra, gjerne før dei kjem på skulen.

Helsesystemer

Sjå under stikkordet «Skulehelseteneste»

Innesko

På Jærtun skal elevane nytta innesko. Dette gjer innemiljøet betre, og lettar vaskinga. Elevane må difor ha eit sett innesko som kan stå på skulen.



Klassekontakt

Kvar klasse har ein klassekontakt. Klassekontakten er også med i FAU. Klassekontakten kan ta opp ting med lærar, gjerne på vegne av andre. Klassekontakten kan også vere med å arrangere ulike miljøfremmande tiltak. Klassekontakt har møte med klassestyrar minst 2 gonger årleg.

Klasseforeldremøte

Klasseforeldremøte er ein arena kor alle foreldre til borna i ein klasse møtest. Sjå minnelista for datoar. Sjå elles under stikkordet ”Foreldremøter”.

Konfirmasjon

Paideia (formell eigar av skulen) tilbyr konfirmasjonsundervisning for dei elevane i 9. klasse som ynskjer dette. Tilbodet er ope for alle, også elevar som ikkje går på Jærtun. Dette er organisert utanom skuletida.

Kontaktperson: Frode Hegle, 911 43 294

Kroppsøvingstimane

Alle klassar har undervisning i kroppsøving. Det er obligatorisk med gymklede og dusjing (ikkje for A-klassen). Skulen tilbyr også symjing. I år vert det symjing for 3.- 10. klasse. Vi leiger basseng på Bryne ungdomsskule. Elevar som ikkje skal ha gym, må ha melding om det.

Leksehjelp

Skulen tilbyr (i tråd med lova) leksehjelp for 1.-10. klasse to timar i veka. Dette vil vi tilby frå 14:05-14:55 måndag og 14:05-14:55 torsdag. Meld dykk via skjema som blir sendt ut, eller ta kontakt med rektor.

Lus

Dersom ein elev får lus, melder foreldra frå til skulen. Eleven går på skulen som vanleg, men heimen byrjar medisinerer umiddelbart. For å hindra smitte og for at dei andre elevane kan verta sjekka, sender skulen standard infoskriv til heimane i aktuell klasse.

Mat og drikke

Elevane tek med seg matpakke kvar dag. Det er tilbod om skulemjølk og frukt for dei som er interessert i dette og yoghurt for dei eldste elevane. Foreldra betalar for desse produkta. Dei som vil kan ta med drikke sjølv (ikkje brus). Sjå elles under tema 'Skulemåltid.'

Melde-mappe

Kvar elev vil få ei mappe som alltid skal liggja i ranselen til eleven. Når det er diverse skriv til heimane, vil dette verta lagt i mappa. NB! Følg godt med i meldemappa! Dersom de skal gje meldingar til skulen, nyttar de meldingsboka/digital meldingsbok.

Meldingsboka – digital meldingsbok

Dersom de vil gje meldingar til skulen skal ein sende melding på Transponder Meldingsbok. Dersom foreldre har smart-telefon, ønsker vi at dei nyttar dette. Her kan foreldre bruke ein app på mobilen og nytte dette som meldingsbok. Ein kan også nytte nettsida transponder.no for å sende melding. Her kan ein kommunisere direkte og sikkert med klassestyrar. Også faglærarar vil kunne sjå denne meldinga. Vi ønsker ikkje at sms blir brukt til anna enn heilt nøytrale opplysningar. Den digitale meldingsboka er eit sikrere system.

Unngå lausark som meldingsystem! Då kan fort sensitiv info kome på avveg. Dersom heimen ikkje har tilgang på internett kan framleis vanleg meldingsbok nyttas.

Du treng å logge deg på som i nettbanken første gongen. Geirmun Gausel vil kunne gje hjelp til å installere dette.

Merka og gløynde klede

God merking av kleda er det beste tiltaket for å unngå å gløyma / mista klede. Klede som



me ikkje finn eigarane til, vert lagde i ei kasse i barneskulemediateket eller gymgangen. Det er fint om foreldra ser gjennom desse av og til. Dersom det til sommarferien enno ligg klede att, vert desse levert kledeinnsamling.

Miljø

Skulemiljøet på Jærtun skal vera godt for alle elevane, både fysisk og psykisk. Foreldra bør venda seg til skulen dersom dei opplever at barnet deira ikkje har det godt på skulen. Etter reglane om slike saker, vil skulen då lage ein aktivitetsplan og setja i verk tiltak. «Plan for eit tryg og godt skulemiljø» ligg på nettsida. Dersom en elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø kan eleven eller foreldra melda saka til Statsforvalteren etter at saka er tatt opp med rektor. Dersom Statsforvalteren i ei slik sak ber om opplysningar, legg skulen fram desse. Skulen vil følge pålegg fra Statsforvaltaren og er kjent med at skuleeigar ikkje har klagerett i slike saker.

Misjonsprosjekt

Skulen har kvart år eit misjonsprosjekt. 2020-2021 samla vi inn til ein kristen skule i India, for organisasjonen «Lys over land» kr 75.159,- Det var ny rekord. Men viktigare enn å slå pengerekordar, er at vi får fremje eit kall til å gje andre menneske og kulturar evangeliet og menneskeleg omsorg.

Mobiltelefon

Mobiltelefon har på mange skular vist seg problematisk på grunn av uønskt fotografering og mobbing. Det fremjar heller ikkje den samtale og leik som skaper trivsel for alle på skulen. På

Jærtun er det tillate å ha mobiltelefon med på skulen. Medan mobilen er på skulen, skal han vera avslagen i ranselen eller ein anna plass skulen fastset. Elevar i C, D og E-klassen skal ha mobilen i mobilskap.



Brot kan føre til inndraging av telefon ut skuledagen, og vil telje med når orden- og åtferdskarakter blir satt i ungdomsskulen.

Nynorsk

Skulen har nynorsk som opplærings- og administrasjonsspråk.

Opplysningsplikt

Etter privatskulelova har skulen plikt til å opplysa barnevernstenesta ved vedvarande alvorlege åtferdsvanskar eller dersom det føreligg mistanke om svikt i omsorga for barnet.

Ordensreglane

Det er viktig at me kjenner og rettar oss etter ordensreglane. Sjå bakarst i heftet.

Personopplysningar

Dette gjer vi:

- Jærtun Lutherske Friskule arbeider seriøst og nøyaktig for at personlege opplysningar knytt til elevar ikkje skal koma på avveg eller bli misbrukt.
- Rektor er ansvarleg for at desse opplysningane blir brukt rett og blir lagra på ein trygg måte.
- Dei opplysningane som vi har fått, bruker vi bare slik lovar og regler seier at vi skal gjere.
- Alle tilsette veit at opplysningane bare skal brukast til det som er naudsynt for å drive skule.
- Vi deler opplysningane bare med dei som norsk lov seier vi skal dele dei med.
- Viss nokon andre spør om å få opplysningar, svarer vi at vi bare kan dele opplysningar når den det gjeld, har gitt tillating til dette.

Dette er dei opplysningane som vi har og som vi bruker:

- Namn på alle elevar og deira foreldre eller føresette med adresse, elevens fødselsnummer, telefonnummer og e-postadresse.
- Andre opplysningar som er naudsynt for at vi skal kunne holde kontakt med foreldre eller føresette på rett måte.
- Opplysningar som vi har fått gjennom samarbeidet mellom skule og heim.
- Opplysningar om skulearbeidet til ein elev, t.d. vurderingar, karakterar, fråvær etc.
- Nokon gonger har vi opplysningar om elevar si helse, t.d. om allergiar.

- Spesielle opplysningar som t.d. skyss for einsskilde elevar, spesialundervisning mm.
- Informasjon i datasystemet om elevar sine påloggingar.

Slik oppbevarer vi opplysningane:

- Elevvurderingar og opplysningar om fråvær lagrast i spesielle system for å sikre at opplysningane ikkje kjem på avveg.
- Når skulen mottar brev eller informasjon med personlege opplysningar om eleven, er vi spesielt nøye med at ingen får vite kva som står i brevet, unntatt den eller dei av lærarane som treng å vite om innhaldet for å kunne gje god undervisning.
- Dei opplysningane som det er viktig at bare nokon få på skulen veit noko om, held vi nedlåst når opplysningane står på eit papir. Slike opplysningar kan også finnes i datasystemet, men da er dei lagra slik at bare dei tilsette som treng opplysningane for å hjelpe elevane får tilgang.
- Vi har ein avtale med eit datafirma som sørger for at ingen kan bryte seg inn i datasystemet vårt.

Så lenge tar vi vare på personlege opplysningar:

- Namn på elever og alle halvårskaraktarar og alle standpunktkarakterar blir tatt vare på for bestandig. Det same gjelder opplysningar om kva fag ein elev har fått undervisning i.
- Det som lærarane har notert om oppførselen til ein elev gjennom året, blir sletta i ein årleg sletterutine. Notater blir bare tatt vare på så lenge eleven går på skulen og lærarane meiner dei har nytte av notata.
- Vedtak om skyss tar skulen vare på bare det året vedtaket gjeld. Andre dokumenter om ein elev, t.d. vedtak om spesialundervisning, individuelle opplæringsplaner mm blir tatt vare på så lenge skulen har bruk for dokumenta. Digitalt blir desse sletta etter eit år. Papirutgåver blir lagra i elevmappe.
- Når ein elev slutter ved skulen, tar vi vare på namn og adresse slik at vi kan ta kontakt viss myndighetene ber oss om å gjere det. Ellers vil vi bare bruke denne adressa når eleven/føresette har gitt oss tillating til å sende brev. Eleven/føresette kan trekke denne tillating tilbake.

Viss du som les dette, vil vite kva opplysningar skulen har lagra om deg, kan du ta kontakt med skulen, så vil vi fortelle deg det. Det er jo dine opplysningar det handlar om!

PPT

Treng me hjelp frå PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste) er det heimekommunen som har ansvar for elevane våre. Skulen samarbeider godt med desse PPT-kontora. Når det er naudsynt, er det viktig med eit tett og godt samarbeid mellom heim, skule og PPT. Skulen tek aldri kontakt med PPT om namngjevne elevar utan godkjenning av foreldra. Foreldra kan også sjølv ta direkte kontakt med PPT.

Påkledning

På Jærtun ynskjer me at elevane skal sleppa klede- og motepress. Også gjennom korleis ein går kledd skal me visa einannan respekt. Utan at ein kanskje vil det, kan kledda verka utfordrande. Det same gjeld bukser der store deler av undertøyet viser. Samtal gjerne med borna / dei unge om at kledda våre kan senda signal. Dette gjeld både eigen indre tryggleik og omsyn til dei me ferdast mellom.

Regntøy

Elevane skal vera ute og få frisk luft i alle friminutt. (Eiga ordning for ungdomskulen.) Dei vil også vera ute ein del i undervisninga. Det er difor naudsynt at dei har med seg regntøy dei dagane det er regn eller utrygt for regn. Dersom nokon ynskjer å ha eit sett med regntøy hengande på skulen, er det plass til dette i garderoben.

Rådgjevar

Det er Eivind Gjerde som er rådgjevar på skulen. Han har ansvar for at 10. klassingar får tilstrekkeleg informasjon og rettleiing for vidare skuleval. Ta kontakt dersom de lurar på noko som angår vidaregåande og/eller høgare utdanning. Sjå bakarst i dette infoheftet for kontaktinformasjon.



Sjukdom / medisiner

Dersom eleven kan smitta andre eller har ein allmenntilstand som gjer at det er vanskeleg å fylgja undervisninga, skal ein (med godt samvit) vera heime.

Ved kroniske lidingar vil sjølvsagt skulen i samarbeid med heimen og legetilråding hjelpa eleven med medisiner. Elles gjev ikkje skulen ut medisin.

Skuledagane

Skuledagen er frå 08.30 – 14.00 med seks timar kvar dag. 1. klassen har fri onsdag og fredag. 2. og 3. klasse har fri onsdag. 4.-10. klasse har full skuleveke.

Skulefrukt

Skulen legg til rette for å kunne abonnere på ei foreldrebetalt fruktordning. Gå inn på skolefrukt.no og bestill det du ønsker sjølv.

Skulemåltid

Skulemåltid var ein stor trivselsfaktor i fjor, og vi held fram med dette i år. Tilbodet er for D- og E-klassen. Ein dag i veka vil dei få eit enkelt måltid der dei et i lag. Det er høve til å ta med eiga niste denne dagen også, men alle skal sitje og ete i lag.

For kr 15,- får elevane eit sunt og godt måltid. Me legg vekt på godt sosialt bordfelleskap, og nyttig læring når dette skal lagast og ryddast opp.



Skulehelseteneste

Det er helsestasjonen på Rådhuset som har ansvar for oss. Jærtun har delt helsesjukepleiaransvaret på kommunal helsesøster og eige tilsett helsesøster. Kommunal helsesøster har ansvar for vaksinasjon, målingar og samtalar med elevar på barnetrinnet. Den tilsette helsesjukepleiar har ansvar for samtalar og undervisning på ungdomstrinnet. For meir info, sjå nettside.

Kommunal helsesjukepleiar, Liv Thu Oftedal, helsesøster Time kommune,
tlf 51 77 60 00, liv.thu.oftedal@time.kommune.no

Helsesjukepleiar tilsett ved Jærtun: Jorunn Kverme, sjukepleiar.
Tlf 971 49 889, jorunnk@jaertun.no

Skulepengar

Innbetalingsgiro vert sendt via meldemappa til elevane.

Elev nr 1	8000,- pr skuleår.
Elev nr 2	4 500,- pr skuleår.
Elev nr 3	4 000,- pr skuleår.
Elev nr 4 +	1 000,- pr skuleår.

Skulevask

Skulen vert delvis vaska på dugnad. Det er foreldra som gjer dette. Ordninga er frivillig, men skulen er svært takksam for denne innsatsen for å få betring i den økonomiske situasjonen. Takk til alle som bidreg!

Skyss

Foreldra har ansvar for skyssen. Ofte kan fleire foreldre gå saman om skyssen for barna sine.

Heimkommunen til eleven har visse plikter når det gjeld skyss. Det er avstanden til skulen som er avgjerande. Avstand over 2 km for fyrsteklassingar og 4 km for dei andre utløyser rett til skyss. For kommunen er plikta deira avgrensa til eigen kommune. Andre kommunar har plikt å dekke skyss til kommunegrensa. Hå dekker månadskort til Bryne på tog. Klepp brukar ein sats pr km. Skulen har organisert refusjonssøknad.

Snop

Skulen tenkjer ”heller frukt og grønt enn søtt og snop”. Me prøvar difor å avgrensa bruk av snop i skulen. På sommar- og juleavslutning, kan elevane ha med snop (inkl. brus og chips) for kr 35,-. På tentamen kan dei ta med (treng ikkje) max 0,5 l brus og litt snop. NB! Ikkje i knitrande posar eller anna som skapar uro – og små mengder. Snop på store prøvar skal berre hjelpe oss til å ha blodsukkernivå til god arbeidsinnsats!

Sykling til/på skulen

Elevane kan gjerne sykla til skulen. Når ein kjem til skulen parkerer ein sykkelen på tilvist plass. Ein skal ikkje sykla på skulen sitt område i skuletida.



Foreldra vurderer når dei tykkjer elevane kan byrja å sykla til skulen. Trygg Trafikk seier born bør venta til dei er 10 - 12 år før dei syklar åleine i blandingstrafikk. Det er påbode med hjelm!

Sosiallærar

Ragnhild Goa er sosiallærar ved skulen, og elevar som slit av ulike grunnar, kan få hjelp av henne. Ho samarbeider med heimen der det er naudsynt. Elles samarbeider sosiallærar tett med andre tilsette som har den daglege kontakten med den / dei elevane det gjeld.

Spesialpedagogikk

Stein Aarsland er spes.ped.ansvarleg på skulen. Han koordinerer spesialundervisninga og kontakten med PPT. Ta kontakt med han, faglærar eller klassestyrar dersom de lurar på noko om ditt barn.

Søknad

Søkarar vert teke inn etterkvart som dei søker. Det lønner seg difor å vera ute så tidleg som mogleg når du vil søka inn nye elevar. Sjå søknadsskjema på jaertun.no.

17. mai

På grunnlovsdagen går elevane og klassekontaktane i barnetoget på Bryne. Etter toget er det ope arrangement på skulen. Alle er hjarteleg velkomne! Det er foreldra til 5. klasse som er komitè.



Tannlege

Dette skjer via den lokale tannhelsetenesta. Dersom de ikkje får innkalling, ta kontakt med tannhelsetenesta i kommunen der de bur. Elevane får generell opplæring i tannhelse av Time tannhelseteneste.

Teieplikt

Skulen og alle tilsette her, har teieplikt etter reglane i Forvaltningslova. Foreldre og elevar skal vera trygge på at informasjon ikkje kjem på avvegar!

Telefonkontakt

Heimane er svært velkomne til å ringa til skulen dersom det er noko dei lurar på eller ynskjer å drøfta. Skulen kan derimot ikkje ta i mot meldingar på telefon til elevar eller formidla telefonkontakt i skuletida mellom foreldra og eleven. For kontaktinfo: Sjå bak i heftet.

Tilsyn før skulestart

Skulen startar sitt tilsyn med elevane 15 minutt før fyrste time. Dette inneber at skulen ikkje kan ta ansvar for elevane før klokka 08.15 om morgonen (men elevane kan opphalda seg i skulegarden også før dette tidspunkt, dersom foreldra tykkjer dette er greitt).

Timeplanen

Tidene står i skjemaet under. Fyrste og andre time går utan friminutt og likeeins fjerde og femte. I staden vert friminutta lenger. Når elevane skal nytta innesko, og dei difor må til med eit skoskift i friminuttet, treng me tida!

Time	Tid
1	0830-0915
2	0915-10 00
3	1015-1100
4	1130-1215
5	1215-1300
6	1315-1400



Turar

Det vert alltid ein del turar og ekskursjonar i løpet av skuleåret. Ofte gjev dette mykje og god læring. Turane er gratis for elevane. Som ein tommelfingerregel praktiserer Jærtun ein vaksen for kvar ti elevar på slike turar. Ved overnattingsturar skal det alltid vere vaksne av begge kjønn. På mindre turar i nærområdet til skulen, kan læraren vera åleine med klassen. Elles praktiserer vi streng HMS på turar, slik at vi kan ha god tryggleik på turane.

Ofte hjelper foreldra skulen på slike turar, både for å sikra nok vaksne, og for å stilla med bilar for skyss. Foreldra melder i frå om at det er greitt at eleven sit på når andre foreldre køyrer.

Me er svært takksame for denne hjelpa og det gjev også store økonomiske innsparingar for skulen. Dei som ønskjer det, får sjølv sagt dekkja slik køyring for skulen etter statens regulativ.

Born med høgde under 140 cm skal sitja på bilpute. Skulen har difor bilputer slik at me kan følgja reglane også på dette feltet.

Jærtun har eit opplegg for større turar.

D-klassen, vinter oddetalsår: Vinterleirskule, Liland

D-klassen, vår partalsår: Leirskole på Preikestolen.

E- klasse, vanlegvis utlandstur anna kvart år. Nærmare avklaring kjem på våren ut frå smittehandteringssituasjonen.

Utviklingssamtalar/halvårsrapport

Det er to «obligatoriske» individuelle foreldresamtalar mellom foreldre og klassestyrar. Vanlegvis er også elevane med på samtalen. Dette er viktige samtalar i eit nært og godt samarbeid mellom heim og skule. Både heim og skule tek opp saker dei ønskjer å samtala om. Skulen reknar desse som våre halvårsrapportar. Det betyr at eleven skal få opplysning om kor dei står i forhold til kompetansemåla, og kva dei skal gjere for å løfte seg vidare.

I tillegg vert det i januar ein frivillig samtale for dei som ønskjer dette.

Vurdering for læring

Jærtun held fram satsinga på å utvikle vurderingspraksisen på skulen. Målet er at elevane skal kunne bruke vurderinga i læringsprosessen. Det er også eit viktig poeng at vurderinga skal gje lærar viktig informasjon som han brukar i si tilbakemelding til eleven.

1. Eleven skal forstå kva dei skal lære og kva som blir forventa av dei. **Mål og kriterier.**
2. Eleven skal ha tilbakemeldingar som fortel noko om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen. **Tilbakemelding.**
3. Eleven skal få råd om korleis dei skal forbetre seg. **Framovermelding.**
4. Eleven skal vere involvert i eige læringsarbeid med blant anna å vurdere eige arbeid og eigen fagleg utvikling. **Elevinvolvering.**

Foreldrerådet (FR)

Foreldrerådet (allforeldremøtet) er eit av rådsorgana ved skulen. Det skal fremja saker som er av felles interesse for foreldra og medverka til at foreldre og elevar tek aktivt del i arbeidet med å skapa eit godt skulemiljø. Foreldrerådet skal arbeida for eit godt samhald mellom heimen og skulen, leggja til rette for positiv utvikling hjå elevane og skapa kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet. Skulen sin formålsparagraf og generelle læreplan er forplikande for FR (dette gjeld for alle styre- og rådsorgan ved skulen).

Retningslinjer for FR:

1. Vedtak i FR er gyldig når meir enn halvparten av dei frammøtte har stemt for.
2. Referat frå foreldremøta skal skrivast og sendast alle foreldra.
3. FR kan gje skulen råd i aktuelle saker.
4. FR kan ta opp skulesaker, men ikkje saker som gjeld einskildelevar eller personalsaker.

Arbeidsutvalet i foreldrerådet (FAU)

FAU førebur og leier FR sitt arbeid. Dei har kontakt med foreldre, lærarar og leiinga ved skulen.

1. Foreldrerådet vel FAU ved klassekontaktvala i klasseforeldremøte. Ein av klassekontaktane i kvar klasse er med i FAU.

2. FAU konstituerar seg sjølv med leiar, sekretær og kasserar.
3. Leiaren i FAU har møte-, tale- og forslagsrett i skulestyret.
4. FAU arrangerer minst eit allforeldremøte kvart år. Dersom det berre vert arr. eit allforeldremøte, skal dette vera om hausten.
5. FAU har ansvar for avviklinga av 17. mai ved Jærtun Lutherske Friskule. Det er delegert til foreldre for 5. klasse. Rektor finn talar.
6. Dersom FAU finn det tenleg, kan dei ha ulike arr. Leiinga ved skulen og lærarane kan også spørja FAU om hjelp til aktuelle praktiske gjeremål.
7. FAU fører protokoll for sine møte. Referatet skal sendast til alle medlemmane i FAU, leiinga ved skulen og skulestyret. Dersom FAU finn det tenleg, kan dei også senda referatet, eller utdrag av dette, til alle foreldra.
8. FAU har sin eigen økonomi og bankkonto og fører eige rekneskap.
9. Skulen sin formålsparagraf og generelle læreplan er forpliktande for FAU (dette gjeld for alle styre- og rådsorgan ved skulen).

Frå overordna del av læreplanen, godkjent av UDIR 2020:

Formålsbestemmelse:

«Skolen skal hjelpe foreldrene med å gi den kristne undervisning og oppdragelse som dåpen forutsetter. Skolens kristendomsundervisning er således en vesentlig del av den kristne menighets dåpsopplæring.

Skolen skal legge til rette for at elevene i møte med Guds ord og et kristent miljø kan bevares og vinnes for Kristus, få næring og vekstvilkår for en bibelsk sunn og rett tro på Jesus som frelser og et levende håp om det evige liv.

I tillegg til å gi solid kristendomsopplæring og gode allmennkunnskaper, vil skolen søke å utvikle den enkelte elevs evner og anlegg for gjennom dette å gi elevene hjelp til å kunne leve et rikt liv til Guds ære og medmenneskers gagn, samt en sunn og ansvarlig forvaltning av hele skaperverket.»

ORDENSREGLAR

§1 Generelt

Alle i skulesamfunnet har ansvar for at skulemiljøet kan vera trygt, triveleg og stimulerande.

Sidan me går på ein kristen skule, vil me la Guds ord vera leiestjerna, slik at kristen tru og kjærleik kan byggja fellesskapet, til æra for Gud.

Elsk nesten din som deg sjølv - er difor vår overordna ordensregel.

§2 Difor...

- ♦ viser me respekt for Guds Ord og skulen sine kristne prinsipp som ein finn i den generelle læreplanen til skulen.
- ♦ er me venlege, ærlege og omsynsfulle og viser respekt for kvarandre, og er sømelege i tale og ferd.
- ♦ yter me vårt beste i skulearbeidet og hjelper til at det vert eit godt læringsmiljø.
- ♦ held me orden på bøker og skulemateriell, og leverar heimearbeid i rett tid.
- ♦ skal me ha omsut for kvarandre, og vera omsynsfulle, høflege og hjelpsame mot andre, også på skulevegen.
- ♦ skal alle elevar retta seg etter læraren sine oppmodingar og avgjerder.

§3 Presiseringar:

a) Helse og tryggleik:

- ♦ Me skal, både ute og inne, vera varsame og omsynsfulle, og ikkje leika hardt eller valdeleg eller gjera noko som kan setja liv og helse i fare eller valde skade på bygningar og inventar. Me skal ikkje kasta snøball eller liknande på nokon.
- ♦ Me skal bruka hjelm på sykkelturnar, og flytevest på turar på/ved djupt vatn.
- ♦ Elevane skal ikkje ta med seg eller bruka ting/leiker som kan vera farlege eller øydeleggjande eller er tenkt til vold og ubehag.

- ◆ Elevane skal ikkje eta mat i timene, og ikkje eta snop i skuletida, bortsett frå når læraren tillet det ved særlege høve. Unntak: halspastillar kan nyttast ved forkjøling/vond hals, men barneskuleelevar må ha melding frå føresette om dette.
- ◆ Det er forbode å bruka tobakk, alkohol eller andre rusmiddel.

b) Orden, åtfærd og miljø:

- ◆ Bøker, læremiddel, inventar, skuleanlegg, bygningar og andre sin eigedom må me vera forsiktige med. Datautstyr og maskinar skal nyttast etter gjeldande rutinar og reglar.
- ◆ Me ryddar og held det fint rundt oss. Dessutan hjelper me til med orden og hygiene ute og inne etter rutinane og reglane på skulen. Inne brukar elevane innesko; utesko ute.
- ◆ Sei frå til lærar dersom nokre elevar vert plaga eller på annen måte har det sær sars vanskeleg, - ikkje som vondsinna sladder, men av omsorg når noko er galt fatt.
- ◆ Elevane skal halda seg på skulen sitt område i friminutta, og skal som hovudregel venda seg til den læraren som har vakt.
- ◆ Uten samtykke frå lærar har elevar ikkje adgang til lærarane sine rom og ting, kopirom, materialrom, utstyrsskap, og skal utan samtykke ikkje bruke verkty, maskinar, musikkinstrument, lydanlegg, fjernsyn, datautstyr eller andre apparat. Det same gjelder telefonane til skulen.
- ◆ Elevar skal ikkje ha med til skulen musikk, lydopptak, plakater, filmar, dataspel eller liknande utan etter avtale med lærar. Mobiltelefonar skal i skuletida oppbevarast på fastsett stad.

SNU

c) Undervisning:

- ◆ Elevane skal møta presis og førebudde til all undervisning, også andaktar, med det utstyret og materiellet som er naudsynt. Me arbeider aktivt, roleg og konsentrert, utan å forstyrre nokon. Sjølvsgatt fuskar me ikkje.
- ◆ Elevane skal ha skriftleg melding frå føresette dersom dei møter ubudde eller ikkje kan ta del i visse aktivitetar, for eksempel kroppsøving. Fritak frå kroppsøving i lengre periodar krev attest frå lækjar.

- ◆ Ungdomsskuleelevar må sjølv setja seg inn i det som er gjennomgått, og orientera seg om dei meldingane som er gjevne, dersom dei har vore borte frå skulen.

§4 Konsekvensar ved brot på ordensreglane:

Før avgjerd om sanksjonar skal eleven ha høve til å forklara seg til den som skal ta avgjerda. Reaksjonen må stå i rimeleg forhold til misferda.

1. Påtale av lærar, klassestyrar, rektor eller andre av personalet på skulen.
2. Melding heim (via telefon eller brev).
3. Alternativt tilsyn eller opphold på tilvist plass i friminutt eller skuletimar.
4. Utestenging frå ekskursjonar eller andre aktivitetar, og i staden verta sett til anna arbeid. Skulen følgjer her reglane for bortvisning, jfr §8-10.
5. Erstatning eller utbetring av påført skade eller tap. Dei føresette vert haldne ansvarlege.
6. Beslaglegging av ting som er forbodne eller misbrukte. Slike ting vert gjevne tilbake innan skuledagens slutt.
7. Samtale med føresette og eventuelt andre involverte partar.
8. Bortvising for resten av skuledagen, føresetnaden er at dei føresette får melding og tek hand om eleven. Rektor fattar vedtak om dette.
9. Bortvising i inntil tre skuledagar ved særskilde alvorlege tilfelle for ungdomsskuleelevar, føresetnaden er at dei føresette får melding og tek hand om eleven. Rektor tek avgjerd i slike tilfelle. Ved bortvisning gjeld reglane til enkeltvedtak etter Forvaltningslova §§18,19,28,29.
10. Eleven og føresette har rett til å uttala seg før vedtak. Bortvising er eit enkeltvedtak med klagerett til Fylkesmann.
11. Nedsett ordens- eller åtferds karakter. Rektor fattar vedtak om dette etter reglane for enkeltvedtak i forvaltningslova §28-29.

12. Dei føresette kan måtte dekke meirkostnader dersom brot på ordensreglane fører til mykje naudsyndt meirarbeid (for eksempel ekstra tilsyn, alternativ undervisning, oppryddingsarbeid).
13. Dersom eleven ikkje har utført skulearbeidet tilfredsstillande i skuletida, eller ved brot på Opl. §9a, kan eleven sitje igjen etter skuletid. Lærar gjer avtale med føresette om tid eleven skal sitje igjen. Lærar må også ta omsyn til dei konsekvenser dette medfører i forhold til transport. Skulen har ansvar for tilsyn.

§5 Ordensreglane gjeld

- ◆ på skulen og området til skulen, i skuletida og i ventetida før og etter skuletid, men alltid i det som gjeld oppførsel, varsemd, bygningar, materiell, utstyr, inventar, røyking og rusmiddel.
- ◆ ved alle aktivitetar skulen står ansvarleg for, f.eks. turar, leirskule, utplassering i bedriftar o.l.
- ◆ på skulevegen (direkte mellom skulen og heimen eller avtala stad etter skuletid) i det som gjeld oppførsel og rusmiddel.
- ◆ Dersom mobbing skjer gjennom elektroniske media, og dette får direkte følger for elevane sitt skulemiljø, kan skulen kalle føresatte og elevar inn til samtale sjølv om handlinga er gjort i fritida.

Vedteke av skulestyret 08.05.01.

Siste endring vedteken 17.09.2018

Tilsette ved Jærtun Lutherske Friskule

Namn	Oppgåve	Tlf., mobil	E-post
Andreas Årikstad	Rektor	971 23 746	rektor@jaertun.no
Ragnhild Goa	Inspektør	928 37 003	ragnhildg@jaertun.no
Oddny Kristin Bjering	Lærer	900 66 107	oddyb@jaertun.no
Benjamin Eftevand	Klassestyrar 9.tr	412 75 755	benjamine@jaertun.no
Håvard Egeland	Miljøterapeut	971 17 747	havarde@jaertun.no
Katrine Fredly	Klassestyrar 6.tr	997 37 786	katrinef@jaertun.no
Ida Kristine Frøvik	Klassestyrar 1. og 2. tr	473 76 147	idad@jaertun.no
Geirmund Gausel	Driftsleiar	951 19 820	geirmundg@jaertun.no
Gerd Irene Goa Fosse	Miljøterapeut	913 39 919	gerdf@jaertun.no
Eivind Gjerde	Klassestyrar 10. tr / rådgjev	475 02 101	eivindg@jaertun.no
Oddny K. Gudmestad	Kontorfullmektig	475 02 848	kontor@jaertun.no
Tage Emil Good	Klassestyrar 7. tr	994 37 351	tageg@jaertun.no
Runar Haarr	Klassestyrar 8. tr	480 98 013	runarh@jaertun.no
Haldis Kleppe Akselsen	Lærer	480 06 546	haldisa@jaertun.no
Elsa Marie Jensstuen	Lærer	917 07 236	elsaj@jaertun.no
Jorunn Kverme	Miljøterapeut/helsesøster	971 49 889	jorunnk@jaertun.no
Anna B. Lende	Lærer	926 65 722	annal@jaertun.no
Ole Andreas Meling	Lærer	995 03 487	olem@jaertun.no
Ingrid Asher Olsen	Lærer	970 87 027	ingrido@jaertun.no
Marit Salte	Miljøarbeidar/ lærar	993 28 078	marits@jaertun.no
Jorunn Sirevåg	Lærer	456 65 837	jorunns@jaertun.no
Gina Skjørestad	Miljøarbeidar	957 23 773	ginas@jaertun.no
Anja Stene	Miljøterapeut/ lærar	988 08 355	anjas@jaertun.no
Mirjam Tolås	Klassestyrar 4. tr	958 54 962	mirjamt@jaertun.no
Tone Varhaug	Reinhaldar	951 19 439	tonev@jaertun.no
Maren Ørjansen Vold	Klassestyrar 3. tr	994 27 245	mareno@jaertun.no
Irene Aarsland	Miljøterapeut	995 21 560	irenea@jaertun.no
Stein Aarsland	Klassestyrar 5.tr / Spes.ped koordinator	482 35 570	steina@jaertun.no
I permisjon:			
Esperanza Idland	Lærer	400 48 452	esperanzai@jaertun.no

Læring, arbeid og trivsel



Postadresse:

Pb 61
4349 Bryne

Gateadresse:

Kong Haakonsveg 4
4345 Bryne

Telefon:

Tlf: 51 77 68 80

Nettside: www.jaertun.no

E-post: kontor@jaertun.no; rektor@jaertun.no

Bankkonto: 3325 32 11216